

Vestland fylkeskommune

Avdeling for kultur, idrett og inkludering

Den fylkeskommunale klagenemnda

post@vlfk.no

Sandane, 6. mai 2020

Dykkar referanse: 2020/93-86

Dato: 22.04.2020

Vår referanse: Åsen Vel sin søknad

Klage på vedtak i søknad om «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom». Søkjarpart er Åsen Vel.

BAKGRUNN

I saksutgreiinga er det gjeve denne bakgrunn for saka.:

Det vart vedteke retningsliner for ordninga i hovudutvalsmøtet 2. desember 2019. Deretter vart ordninga utlyst i heile Vestland med frist 15. februar 2020.

Ordninga har tidlegare eksistert i tidlegare Hordaland, og er no vidareført i Vestland. Retningslinene er endra for å gjer ordninga meir målretta og for å få meir koordinerte, regionale tiltak.

I vurderingskriteria er det vist til at tiltaka skal vere retta mot lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge. Prioriterte tiltak i 2020 er mellom anna

- Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom.

AVSLAG PÅ SØKNAD

I saksframstillinga er det gjeve denne grunngjevinga for avslag på søknaden:

Lokale lag kan ikkje søkje på ordninga. Tiltak skal samordnast i lokale ledd.

GRUNNLAG FOR KLAGE

Retningsliner

Retningsliner for Vestland fylke vart vedteke i hovudutvalsmøtet 2. desember 2019. Deretter vart ordninga lyst i heile Vestland med frist 15. februar 2020. I utlysingsteksten står det at: Andre aktørar kan vurderast særskilt.

Tidlegare Sogn og Fjordane fylke hadde ikkje slike retningslinjer. Derfor skulle dei nye retningslinene ha vore kommunisert ut i god tid før søknadsfrist slik at fleire lag og organisasjonar kunne ha fått høve til å samordne seg. Dette vart ikkje gjort. Derfor har dei fleste frå område Sogn og Fjordane fått avslag på sine søknader. Det må også kunne stillast spørsmål om samordna søknader gjev større regional effekt. Vår erfaring er at overføringsverdi til andre skjer ved bygging av relasjonar mellom leiarar/brukarar av tiltaka.

Nærmiljøanlegg

Åsen Vel er registrert som eit nærmiljøanlegg. Så vidt vi veit er det ikkje fleire registrerte nærmiljøanlegg i område Sogn og Fjordane. Ei samordning av søknader for nærmiljøanlegg er derfor ikkje praktisk gjennomførleg. Dette vart sakshandsamar Hanne Marthe Espe informert om. Vestland fylke har i utlysingsteksten informert om at andre aktørar kan vurderast særskilt. Dette er ikkje gjort. Vi registrerer, med ei viss undring, at aktørar som Fyllingsdalen Frivillighetssentral vart handsama, sjølv om dei ikkje har regionalt ledd.

Søknadsinhald

Åsen Vel sin søknad vart ikkje formelt handsama med grunngjeving i at: Lokale lag kan ikkje søkje på ordninga. Tiltak skal samordnast i lokale ledd. Åsen Vel sin søknad var godt innanfor Vestland fylke sine utlyste kriterie, men på grunn av manglande bruk av retningslinene for «Andre aktørar» vart ikkje vårt søknadsinhald vurdert.

KLAGE

Åsen Vel viser til grunnlag for klagen nemnt ovanforog klagar med dette på Vestland fylke sitt vedtak om avslag på vår søknad.

Åsen Vel ber om at søknaden vert handsama i klagenemnda slik at søknadsinhaldet vert vurdert for målgruppa «Andre aktørar».

Med helsing

ÅSEN VEL

-sign.-

Birgith Hjelle Roset
styreleiar

-sign.-

Jan Ivar Rise
kontaktperson